
Vår referanse 2021/21801-4
Dato 24.06.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Driftsbygg og avkøyrsløse - Fv. 5470 Fonnebustvegen - Gnr 106 bnr 17 - Fanebust - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling infrastruktur og veg, viser til brev mottatt 28.05.2021.

Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld etablering av ny avkøyrsløse frå fv. 5470 Fonnebustvegen til driftsbygning på gnr. 106 bnr. 17 i Alver kommune.

Området er regulert til landbruksfremål jf. *Fonnebust småbåthamn (2014)*. Reguleringsplanen viser ikkje avkøyrsløse på denne strekninga, og tiltaket treng difor dispensasjon frå godkjent plan.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Søknaden gjeld avkøyrsløse frå Fv. 5470. Fylkesvegen har fartsgrense 50 km/t på denne strekninga, og årsdøgertrafikk er 350 ÅDT. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3 jf Rammepplan (2021 - 2024)*. Det vil seie at fylkesvegen er ein viktig lokalveg, og at talet på direkte avkøyrsløse til fylkesvegen skal vere avgrensa.

Søknaden er grunngeve med at det skal oppførast ny driftsbygning på eigedommen. Dagens avkøyrsløse tilfredsstillar ikkje krav til utforming som gjeld for større køyretøy som trengs til drifta. Mjølkebil, dyrebil mm må rygge frå fylkesvegen og opp til driftsbygning. Ei ny avkøyrsløse skal følgje krav til utforming og får ei plassering med gode siktforhold. Dagens avkøyrsløse skal vidareførast fordi den er nytta som bustadavkøyrsløse til fleire bustader.

Til søknaden er det lagt ved ei prinsippskisse som syner utforming av avkøyrsløse. Vi har ikkje fått oppgitt dimensjonerande køyretøy, så søkjar må sjølv stå ansvarleg for at avkøyrsløse er rett dimensjonert. Reguleringsplanen viser ein møteplass like nord for omsøkte avkøyrsløse. Ny avkøyrsløse må trekkast godt unna denne, slik at dei ikkje overlappar. Vidare må det vere ei klar føresetnad at all arealbruk som trengs for å opparbeide avkøyrsløse vert tatt på same side av vegen. Det kan ikkje leggest opp til utposing eller liknande på motsett side av fylkesvegen, for å få plass til køyretøy inn og ut av avkøyrsløse.

Etter ei samla vurdering av forholda på staden finn vi at det kan opnast for ei ny avkøyrsløse slik det er søkt om.

Dersom Alver kommune fattar vedtak om dispensasjon vil det og vere naudsynt å fatte vedtak om bygging av avkøyrsløse, anten forankra i plan- og bygningslova eller som eit vedtak etter veglova. Kommunen skriv i oversendingsbrevet at Vestland fylkeskommune skal uttale seg i saka, og vi legg difor til grunn at de og vil fatte vedtak om å bygge avkøyrsløse.

Vilkår:

For å unngå unødig opphald kan kommunen vedta bygging av avkøyrsla dersom de set følgende vilkår:

- Avkøyrsla skal plasserast i samsvar med situasjonskart vedlagt søknaden, datert 26.05.2021.
- Utforming av avkøyrsla skal følgje prinsippskisse som er lagt ved søknaden. Søkjar er ansvarleg for at den er rett dimensjonert etter kva køyretøy som skal nytte avkøyrsla.
- Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden.
- Avkøyrsla skal ikkje takast i bruk før den er godkjent. Når avkøyrsla er ferdig bygd skal Vestland fylkeskommune varslast og eventuelt gje bruksløyve til avkøyrsla.
- Alver kommune skal ikkje gje ferdiggodkjenning av driftsbygning før det er gjeve bruksløyve til avkøyrsla.

Vi gjer og merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Sluttord:

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering ikkje vesentlege merknader til dispensasjon frå godkjent reguleringsplan for å opparbeide ny avkøyrsla som omsøkt.

Slik vi forstår av oversendingsbrevet vil Alver kommune fatte vedtak om bygging av avkøyrsla. Vurdering skal følgje veglova §43. Vi ber om at vilkår Vestland fylkeskommune har sett vert innarbeidd i vedtaket. .

Dersom Alver kommune meiner at saka skal følgje veglova, vil vi fatte vedtak om dette.

Vi ber om å få saka tilsendt for klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 situasjonskart dispensasjon avkjørsel.pdf
- 2 krav avkjørsel.pdf